

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.02.2012
Sakhandsamar: **Bård Humberset**
Saka gjeld: **Internrevisjon av avtalespesialistar**

Arkivsak
2012/97/
Styresak 034/12 B

Styremøte 07.03. 2012

Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF sluttar seg til tilrådingane i revisjonsrapporten – Oppfølging av private avtalespesialistar i Helse Vest.
2. Styret ber administrasjonen følgje opp tilrådingane som kjem fram av rapporten, og ber om å bli halden orientert om arbeidet.

Oppsummering

Internrevisjon av privatpraktiserande spesialistar med avtale med Helse Vest ligg her til behandling.

Fakta

Formålet med internrevisjonsprosjektet er gjennom ei kartlegging å sjå nærare på korleis avtalespesialistane bidrar til Helse Vest sitt "sørgje-for ansvar" overfor pasientane. Problemstillingane i prosjektet vart utvikla på tre nivå:

Pasientnivå: Korleis fungerer saksgang og informasjonsflyt mellom pasient, fastlege og avtalespesialist?

Føretaksnivå: Korleis vert avtalespesialistane integrert som ein del av spesialisthelsetenesta i helseføretaka?

Regionalt nivå: Bidrar avtalespesialistane til at offentlige ressursar nyttas på ein tilfredstillande måte?

Hovudkonklusjonen i rapporten er at spesialistane yter eit omfattande og svært viktig bidrag til spesialisthelsetenesta i regionen, men at utfordringane særleg innan psykiatrien er store. Det gjeld på alle dei tre temaområda som vart undersøkte.

Kommentarar

Revisjonskomiteen hadde saka til behandling 17.1.2012. Internrevisjonen gjorde i saksframlegget merksam på at endeleg validering i RHF-et ikkje var slutført. Rapporten ville derfor kunne få nokre justeringar fram mot styrebehandlinga. Dersom endringsbehovet skulle vere stort, vil internrevisjonen vurdere å kome tilbake til komiteen for ny behandling.

Verifiseringa i revidert eining, RHF-et, resulterte ikkje i vesentlege endringar i faktagrunnlag. Tilrådingane er noko tydeleggjorte, men med same meiningsinnhald. Det skulle derfor ikkje ligge føre eit behov for fornye behandling i revisjonskomiteen.

Følgjande står protokollert frå komiteen si behandling:

Oppsummering:

Leiar for internrevisjonen orienterte munnleg og komiteen hadde ei grundig drøfting av rapporten.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen viser til, og sluttar seg til tilrådingane i revisjonsrapporten.

I tillegg bør Helse- og omsorgsdepartementet vurdere om overordna lov- og rammeverk bør endrast for å oppnå større grad av samordning mellom avtalespesialistar og helseføretaka. Det må i særleg grad leggjast vekt på fjerna eksisterande skilnader mellom pasientar i helseføretaka og pasientar hos avtalespesialistar mellom anna når det gjeld vurdering av pasienten sin rett til nødvendig helsehjelp og kravet om vurdering innan ein gitt frist.

Konklusjon

Internrevisjonen inviterer med dette styret til å ta rapporten opp til behandling.

Vedlegg:

Rapport frå internrevisjon i Helse Vest RHF – Oppfølging av private avtalespesialistar i Helse Vest